

SIRUS



Årsmelding 2013

13

Årsmelding 2013

Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) er eit sjølvstendig forskingsinstitutt under Helse- og omsorgsdepartementet. Sirius har som føremål å utføre forskning, dokumentasjon og formidling kring rusmiddelspørsmål, med særleg vekt på samfunnsvitskapelege problemstillingar. Instituttet har nasjonalt kompetansebibliotek på rusmiddelfeltet og er nasjonalt kontaktpunkt for Det europeiske narkotikaovervakingssenteret, EMCDDA.

Copyright SIRUS

Oslo 2014

ISBN 978-82-7171-411-6 (pdf)

SIRUS

P.b. 565 Sentrum

0105 Oslo

Besøksadresse: Øvre Slottsgt. 2 B

Telefon: 22 34 04 00

E-post: sirus@sirus.no

www.sirus.no

Forord

2013 var igjen eit godt arbeidsår for SIRUS. Det var og eit år med mykje nytt og mange nye tilsette. Vi opplevde likevel og det sørgjelege å miste ein av dei mest kompetente medarbeidarane våre etter langvarig sjukdom.

Det er ei hovudoppgåve for instituttet å utvikle kunnskap om utbreiing og konsekvensar av tobakk- og rusmiddelbruk, samt kva tiltak som kan hjelpe til å redusere dei skadelege verknadene som slik bruk kan ha. Instituttet sin kunnskapsproduksjon heldt eit høgt nivå og i 2013, med noko over åtti publiseringar. Av dette var noko under halvparten vitenskaplege publiseringar i internasjonale tidsskrift og bøker. Det kom og vitenskaplege arbeid, dokumentasjonsrapportar og populærvitenskaplege arbeid i norske publiseringsskanalar. Ikkje minst er SIRUS sin eigen rapportserie viktig for mange, og i 2013 ga vi ut åtte slike rapportar. Det var spesielt gledeleg, i samarbeid med Universitetsforlaget, å gi ut boka "Hva vet vi om cannabis", som summerer opp kjent kunnskap om bruk og konsekvensar av både "tradisjonell" cannabis og dei nye syntetiske cannabinoidane. Ei rekkje av instituttet sine tilsette bidrog med kapittel i boka, som blei initiert og redigert av forskingsleiar Anne Line Bretteville-Jensen.

Det er ikkje plass til å skildre alle dei viktige vitenskaplege bidraga som kom frå instituttet i 2013. Publikasjonslista gir ei detaljert oversikt, og mange av publikasjonane kan ein få tilgang til via SIRUS sin nettstad. Eg vil kort berre framheve tre viktige arbeid, eitt frå kvar av faggruppene.

Mange meiner at pasientar i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) som fortset å ruse seg og bruke sprøyter, bør skrivast ut fordi dei ikkje synest å ha nytte av behandlinga. I ein artikkel publisert i tidsskriftet *Drug and Alcohol Dependence*, rapporterte likevel Linn Gjersing og Anne Line Bretteville-Jensen ny kunnskap. Studien viste at dei som var i LAR, trass omfattande sprøyte- og rusmiddelbruk, likevel var utsett for vesentleg mindre helserisiko og gjorde seg skuldig i mindre kriminalitet enn dei som ikkje var i LAR på intervjuetidspunktet. Dei som var i LAR hadde hatt færre ikkje-fatale overdosar siste fire veker før intervjuet, brukte sjeldnare heroin med sprøyte, stal mindre og selde mindre stoff enn dei andre. Data frå brukarar av sprøyteutdelinga i Oslo gav høve til ei direkte samanlikning av aktive sprøytebrukarar blant LAR-pasientar med andre sprøytebrukarar. Det synte seg at sjølv pasientar som fortset å ruse seg og bruke sprøyter, har nytte av å vere i behandlinga. Dette bør det leggjast vekt på når det vert argumentert for at LAR-pasientar som bruker narkotika sjølv om dei er i substitusjonsbehandling ikkje har nytte av denne behandlinga.

Det er vel kjent at dei som ofte er rusa er mest utsette for skadar. Men tyder dette at det er mot denne vesle høgrisikograppa ein bør konsentrere førebyggjande tiltak? I samarbeid med forskarar frå Folkehelseinstituttet og OUS, publiserte Ingeborg Rossow ein studie i *BMC Public Health* der dei undersøkte dette. Om det er slik at mesteparten av skadane likevel skjer

blant det store fleirtalet med liten eller middels skaderisiko, vil den individuelle gevinsten av førebygging i denne gruppa vere lita, men folkehelsegevinsten vil vere stor. Dette vert gjerne omtalt som førebyggingsparadokset. Denne kasus-kontrollen-studien fann at fleirtalet av dei alkoholrelaterte skadane kunne sporast til den store gruppa som med låg eller middels hyppigheit drakk seg fulle. Denne studien er viktig då den er den fyrste som dokumenterer at førebyggingsparadokset og har gyldigheit for alvorlege, akutte alkoholrelaterte skadar.

I ein eksperimentell studie av ungdom publisert i BMJ Open, undersøkte Janne Scheffels og Ingeborg Lund verdien av pakkedesign på sigarettar. Resultata viste at nøytrale pakkar - det vil seie sigarettpakkar der merkevarebyggjande designelement som logo, fargar og skrifttypar er fjerna - blei vurderte mindre positive samanlikna med pakkar med design. Pakkevariantar med lyse fargar og deskriptorar som ymta om lågare innhald av skadelege stoff, gav auka lyst til å prøve å røykje, og blei vurdert som at det var lettare å slutte, samanlikna med nøytrale pakkar. Resultata indikerer at nøytral innpakning medfører mindre positive oppfatningar av sigarettar blant unge, samt motverkar misoppfatningar om at nokre produkt er mindre skadelege enn andre.

Ei viktig oppgåve for SIRUS er å bidra til ein opplyst diskusjon kring utforminga av rusmiddelpolitikken. Eitt eksempel på dette frå 2013, var diskusjonen rundt marknadsreguleringa av e-sigarettar, som blei initiert av Karl Erik Lund si kunnskapsoppsumming om temaet. Rapporten fekk stor merksemd i media. Dette utløyste i sin tur spørsmål til helseministeren i Stortinget, samt at HOD no vil vurdere bruken og marknadsreguleringa av e-sigarettar i Noreg.

SIRUS har eit utbreidd internasjonalt samarbeid. Ei særleg viktig oppgåve er å vere norsk kontaktpunkt for det europeiske narkotikaovervakingsorganet EMCDDA. Mange tilsett bidrog på ulike vis til dette viktige arbeidet i 2013.

SIRUS har ei viktig rolle som formidlar av kunnskap på rusmiddelfeltet. Instituttet vert ofte brukt som kjelde til faktagrunnlag for dei sakene pressa dekkjer, eller for debattar som vert førde i offentlegheita. I dette formidlingsarbeidet spelar nettstaden (www.sirus.no) ei sentral rolle. Publikasjonar som vert utgitte frå SIRUS, vert her ofte ut lagt i fulltekst. I tillegg vert det publisert nyhende som fortel om pågåande forskning og oppnådde resultat. For mange er nettstaden og vegen inn til informasjon om dei tenestene som instituttet sitt nasjonale fagbibliotek på rusmiddelområdet kan tilby, samt til den opne statistikkbasen RusStat. Formidlingsarbeidet blei og vareteke ved at tilsette i løpet av 2013 heldt meir enn åtti foredrag, samt at det blei arrangert fire opne fagmøte med svært godt oppmøte.

Sommaren 2013 arrangerte instituttet eit ope seminar med over 100 deltakarar, der mellom anna alkoholpolitikk og avhengigheit blei sett under lupa. Fagseminaret var og eit ønske om å heidle innsatsen til fire personar; Bergljot Baklien, Sturla Nordlund, Øyvind Horverak og Jostein Rise, som gjennom mange år har vore sentrale forskarar og leiarar ved instituttet, men som no har avslutta det formelle virket sitt ved SIRUS. Dessverre mottok vi i romjula den triste meldinga om at Øyvind Horverak døydde andre juledag. Han var gjennom mange år ein høgt akta alkoholforskar. Særleg var kunnskapane hans om alkoholpolitiske verkemiddel i fortid og notid, imponerande. Han førde ein svært god penn, og hadde den uvanlege

kombinasjonen av både å vere eminent innan kvantitativ metode og samfunnsvitskaplege grunnlagsproblem. Det var med stor sorg vi såg at han blei riven bort då han stod framfor ein ny fase i livet og skulle nyte pensjonisttilværet sitt.

SIRUS står midt i eit generasjonsskifte. Både på den faglege og administrative sida har det skjedd ei stor utskifting av tilsette. Heldigvis viser søkjarlistene og dei dyktige medarbeidarane vi har knytt til oss, at SIRUS er ein populær arbeidsplass. Vi har vore så heldige å kunne rekruttere mange unge og lovande forskarar og kompetente medarbeidarar. På det administrative området står vi midt oppe i viktige oppgåver, som overgang til elektroniske fakturaer og etablering av ny kontoplan.

I 2013 avgjorde HOD at SIRUS sitt fagråd skulle leggest ned, samt at instituttet sine vedtekter skulle erstattast av ein instruks. Det betyr at SIRUS i framtida vil ha ein styringsdialog med HOD som er på linje med andre underliggjande etatar. Eg nyttar høvet til å takke alle dei som har sete i fagrådet opp gjennom åra. Sist, men ikkje minst, vil eg takke instituttet sine tilsette for den innsatsen de kvar dag legg ned for å gjere SIRUS til eit leiande forskingsinstitutt innan samfunnsvitskapleg rusmiddelforskning.

Oslo, 27. januar 2014

Pål Kraft

Direktør

Innhold

Forord	3
1 Innleiing	7
2 Tilsette	9
3 Forskings- og dokumentasjonsverksemda	12
3.1 Gruppe for alkoholforskning	12
3.2 Gruppe for narkotikaforskning	14
3.3 Gruppe for tobakksforskning.....	15
3.4 EMCDDA - focal Point-funksjonen.....	16
4 Publikasjonar	19
4.1 Bøker og forskingsrapportar	19
4.2 Vitskapelege artiklar og bokkapittel.....	20
4.3 Dokumentasjon	25
4.4 Populærartiklar, debattinnlegg, bokomtalar	25
5 Formidling	28
5.1 Publikasjonar	28
5.2 www.sirus.no.....	29
5.3 SIRUS-biblioteket.....	29
5.4 Media.....	30
5.5 Andre formidlingskanalar	31
5.6 Fagmøte.....	31
5.7 Foredrag og anna formidling.....	32
6 Anna aktivitet	34
6.1 Foredrag, posters o.l.	34
6.2 Undervisning og rettleiing	40
6.3 Konsulentarbeid, komité- og styreverv	42
6.4 Internasjonalt samarbeid utanom EMCDDA	45
7 Økonomi og administrasjon	47
7.1 Inntekter.....	47
7.2 Utgifter	49
7.3 Rekneskapan	49
7.4 Administrative saker.....	50
7.5 Maskiner og utstyr	50

1 Innleiing

Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) vart oppretta i 2001 ved ei samanslåing av Statens institutt for alkohol- og narkotikaforskning (SIFA) og dokumentasjonsseksjonen og biblioteket i det daverande Rusmiddeldirektoratet.

I vedtektene § 1 heiter det om instituttet sitt formål:

”Statens institutt for rusmiddelforskning er en forskningsfaglig selvstendig institusjon som har som formål å utføre forskning som kan bidra til økt kunnskap omkring bruk og misbruk av rusmidler og andre avhengighetsskapende midler, med særlig vekt på samfunnsvitenskapelige problemstillinger.

Instituttet skal:

- *kartlegge sosiale og helsemessige skadevirkninger som bruken av rusmidler fører til, problemenes årsaker og hvordan disse skal kunne løses eller reduseres gjennom offentlig og privat innsats*
- *bidra med kunnskap av betydning for arbeidet med å forebygge misbruk av rusmidler*
- *kartlegge virkninger av eksisterende ordninger og muligheter for forbedringer*
- *vurdere sammenhenger og mulige tiltak på tvers av gjeldende inndeling i forvaltningssektorer og nivåer*
- *sikre at kunnskap gjøres tilgjengelig”*

Dette fastsett ramma for instituttet si verksemd. For det fyrste vert verksemda sin art avgrensa. Formålet til instituttet er å drive forskingsbasert kunnskapsproduksjon og -formidling. Hovudsakleg vil dette vere av samfunnsvitskapleg karakter. Klinisk og/eller biomedisinsk forskning fell i utgangspunktet utanfor instituttet sine forpliktingar.

For det andre vert og området for verksemda avgrensa. Mandatet er primært knytt til rusmiddel, men etter at ei gruppe tobakksforskarar i 2002 ble overført frå Folkehelseinstituttet i samband med reorganiseringa av den sentrale sosial- og helseforvaltinga, omfattar primærområdet og tobakksforskning, og frå 2013 forskning om bruk av dopingmidlar utanfor den organiserte idretten. Vedtektene opnar likevel og for verksemd knytt til andre vanedannande middel og åtferdsformer, som f.eks. pengespel og pengespelproblem, og legalt føreskrivne lækjemiddel. Instituttet er i tillegg nasjonalt kontaktpunkt for EU sitt senter for narkotikaovervaking EMCDDA.

I § 2 i vedtektene om instituttet sine oppgåver, heiter det i første ledd:

”Instituttet skal ha forskning som sin primæraktivitet. For å sikre kunnskapsspredning og tilgjengelighet til forskningsresultater, statistikk og fagmateriale for viktige målgrupper, skal instituttet også ha dokumentasjon, formidling og faktainformasjon som viktige oppgaver. Som ledd i dette skal instituttet ha et nasjonalt kompetansebibliotek for rusmiddelspørsmål.”

Instituttet er altså ikkje eit reint forskingsinstitutt, sjølv om forskingsverksemda utgjer kjerneområdet. Men instituttet si tobakksforskning har hatt ein meir begrensa rekkjevidde. Denne har fram til no ikkje omfatta tilsvarande dokumentasjonsoppgåver som for alkohol og narkotika. Frå 2014 er og ansvar for overvaking av tobakksbruken overført frå Helsedirektoratet til SIRUS. Instituttet har ikkje tilsvarande ansvar for dokumentasjon når det gjeld pengespel og bruk av lækjemiddel.

Hovudmåla for verksemda kan med andre ord formulerast slik:

- Drive forskning av fagleg høg kvalitet på rusmiddel- og tobakksfeltet og tilgrensa område.
- Skaffe relevant dokumentasjon knytt til alkohol, narkotika og tobakk.
- Formidle gjeldande kunnskap til viktige brukargrupper.


Instituttet er ein sjølvstendig institusjon som fram til 31.12.2005 låg under det daverande Arbeids- og sosialdepartementet, men blei frå 1.1.2006 overført til Helse- og omsorgsdepartementet. Instituttet vert leia av ein direktør tilsett på åremål.

2 Tilsette

I 2013 hadde SIRUS 40 årsverk fordelt på 30 årsverk til vitenskapleg arbeid/dokumentasjon, fem til kommunikasjon/bibliotek og fem til administrasjon - inkludert direktørstillinga.

Utvikling i talet på årsverk går fram av figur 1.

Figur 1. Årsverk



Alle dei fast tilsette forskarane har kompetanse på minst doktorgradsnivå. Seks stipendiatar/rådgjevarar arbeidde mot doktorgrad. Dei tilsette i 2013 var:

Faste stillingar:

Direktør:

Pål Kraft, dr.philos.

Forskningsleiarar:

Anne Line Bretteville-Jensen, dr.polit.

(midl. funksjon)

Karl Erik Lund, dr.polit.

Astrid Skretting, cand.sociol.

Elisabet S. Storvoll, dr.polit.

Forskarar:

Ellen J. Amundsen, dr.philos.

Bergliot Baklien, cand.sociol. (tom 31.08)

Daniel Bergsvik, cand.polit. (fom 13.12)

Geir Scott Brunborg, Ph.D. (fom 01.03)

Elin K. Bye, Ph.D.

Sturla Falck, mag.art.
Linn Gjersing, Ph.D.
Torleif Halkjelsvik, Ph.D.
Øyvind Horverak, cand.oecon. (død 26.12)
Ingeborg Lund, cand.polit.
Ingunn Olea Lund, Ph.D.
Inger Synnøve Moan, dr.polit.
Elisabeth Kvaavik, Ph.D.
Hilde Pape, dr.psychol.
Ingeborg Rossow, dr.philos.
Janne Scheffels, dr.polit.
Gunnar Sæbø, dr.polit.
Ståle Østhus, Ph.D.

Seniorrådgjevarar: Anders Bryhni, cand.polit. (permisjon, slutta 31.12)
Odd Hordvin, sosionom
Grethe Lauritzen, cand.polit.
Jorunn Moen, bibliotekar

Rådgjevarar: Marit Edland-Gryt, master i sosiologi
(foreldrepermisjon delar av året)
Marianne Lund, cand.polit.
Øystein Skjælaaen, cand.polit.
Hilgunn Olsen cand.polit. (permisjon frå 01.08)

Administrasjonssjef: Benedicte Angell, cand.mag. (tom 31.05.13)
Pia Haugdahl, siviløkonom (fom 15.08.13)

Seniorkonsulent: Jorunn Hannasvik

Førstekonsulent: Beth Løken Haugen

Konsulent: Nada Halabi

Informasjonssjef: Erik Bull-Valen

Hovudbibliotekar: Johanne Longva

Spesialbibliotekar: Beate Henriksen
Linda Solheim

Mellombelse stillingar:

Forskarar: Jasmina Burdzovic Andreas, Ph.D (fom 01.10)
 Trond Nordfjærn, Ph.D (fom 01.09)
 Thor Norstrøm, fil.dr. (20%)
 Hans Olav Melberg, Ph.D. (20%)
 Sveinung Sandberg, Ph.D (20%)

Stipendiatar: Kristin Buvik, cand.polit.
 Elisabeth Larsen, cand.polit. (tom 31.03)
 Line Schou, master i sosiologi
 Tord Finne Vedøy, master i sosiologi
 (foreldrepermisjon delar av året)

Rådgjevarar: Ola Røed Bilgrei, master i sosiologi
 Thomas Anton Sandøy, master i sosiologi

Pensjonistane Jostein Rise, Sturla Nordlund, Ragnar Hauge (tidlegare forskarar) og Eva Hausken (tidlegare rådgjevar) har vore tilknytt instituttet gjennom arbeid i ulike prosjekt. Dette gjeld og Bergliot Baklien etter at ho gjekk av med pensjon 31.08.2013.

Likestilling, jf. Likestillingslova sin § 1a.

Per 31.12 var det 44 tilsette ved instituttet, av desse var 28 kvinner og 16 menn, dvs. ein kvinnedel på 64 %. I tillegg kjem tre forskarar, alle menn, tilsette i 20 % stillingar.

De tre faste leiarstillingane var i 2013 besett av to menn og ei kvinne, mens fire midlertidige stillingar som forskingsleiarar var besett av ein mann og tre kvinner.

Det gjennomsnittlege lønsnivået for alle tilsette per 31.12.2013 tilsvarede lønstrinn 66 i statsregulativet. Mennene hadde et høgare gjennomsnittlig lønstrinn (ltr 68) enn kva gjaldt kvinnene (ltr 64), noko som heng saman med at det berre er kvinner i stillingane med lågast lønstrinn (teknisk administrative og bibliotek).

I instituttet si tilpassingsavtale til Hovudavtalen i staten er det nemnt likestillingstiltak som kjønnsnøytrale kriterium for lønsfastsetting, at kvinner skal verte gitt lik moglegheit som menn til å arbeide med kvalifiserande arbeidsoppgåver, varetake prosjektleiar- og andre leiarfunksjonar. Ut frå dagens situasjon har ikkje instituttet sett behov for andre tiltak.

3 Forskings- og dokumentasjonsverksemda

Den faglege verksemda ved SIRUS er organisert i tre faggrupper: gruppe for alkoholforskning, gruppe for narkotikaforskning og gruppe for tobakksforskning. Faggruppene har ansvar for utvikling av sine respektive substansområder ved å produsere kunnskap og halde seg oppdatert om kva som hender på feltet, så vel nasjonalt som internasjonalt. Som eit anvendt samfunnsvitskapleg institutt med eit forskingsmessig ansvar for problemområder som er viktig for samfunnet, skal det produsere tre typar av kunnskap: (i) kunnskap om problema sin storleik og fordeling, (ii) kunnskap om problema sine årsaker, og (iii) kunnskap om tiltak og verkemiddel for å redusere problema. Ansvaret SIRUS har for dokumentasjon er integrert i forskingsverksemda.

Ein av stipendiatane på instituttet, Elisabeth Larsen, disputerte for doktorgraden i 2013 med avhandlinga *Snus among young people in Norway. Some psychological aspects*.

Aktivitetane i dei tre faggruppene har vore knytt til forskingsprosjekt, forskingsformidling, dokumentasjonsverksemd og anna fagleg verksemd som fagfellevurderingar, komitéarbeid, undervisning og rettleiing. Mange av forskingsprosjekta/dokumentasjonsoppgåvene strekk seg over fleire år, men gruppene arbeider og med meir kortsiktige prosjekt. Formidling av forskning har vore utstrakt, og retta både mot relevante fagmiljø, praksisfeltet og den breie offentlegheita.

3.1 Gruppe for alkoholforskning

Forskings- og dokumentasjonsaktiviteten i faggruppe for alkoholforskning kan delast inn i tre overordna kategoriar: alkoholbruk, alkoholrelaterte skader/problem og verkemiddel.

Ei sentral oppgåve er å følgje utviklinga i **alkoholbruken** i Noreg. For å få eit betre bilete av det totale alkoholforbruket, vert salsstatistikken frå Statistisk sentralbyrå (SSB) supplert med årlege tal på avgiftsfritt sal på norske flyplassar. I 2013 blei det og presentert nye anslag på grensehandelen med Sverige. Slik statistikk seier likevel ikkje noko om kven som drikk og korleis det vert drukke. For å kunne seie noko om dette har SIRUS i samarbeid med SSB starta opp ei årleg befolkningsundersøking om bruk av alkohol, andre rusmiddel og tobakk. I den første rapporten frå undersøkinga, som omfattar data frå 2012, vert det gitt eit oppdatert bilde av kor ofte nordmenn drikk, kor ofte dei drikk seg drukne, i kva situasjonar dei drikk, og korleis dette varierer for menn og kvinner og i ulike aldersgrupper. Fleire prosjekt som skal sikre betre kunnskap om den norske alkoholkulturen er dessutan i gang. I 2013 blei det eksempelvis publisert ein artikkel som beskriv korleis grensa mellom normal bruk av alkohol og misbruk vert oppfatta i ulike delar av Europa. Det kjem fram her at innbyggjarane i dei nordiske landa omtaler færre drikkemåtar som misbruk, enn kva gjeld sør-europearane.

Det er i gang fleire prosjekt som belyser ulike **skader og problem** knytt til alkoholbruk - både eigen og andre sin bruk. Det vert mellom anna retta søkelys på vald, promillekøyring, barn

som skadelidande, negative konsekvensar for arbeidslivet og opplevd ubehag knytt til andre si drikking. I 2013 blei det publisert to artiklar om promillekøyning; ein der det vert dokumentert ein samanheng mellom alkoholkonsum og promillekøyning på befolkningsnivå, og ein som ser på enkeltindivid sin motivasjon for ikkje å sitte på med sjåførar som har drukke alkohol. Forskarar i alkoholgruppa har og bidrege til å kaste lys over samanhengen mellom alkohol og suicidal åtferd gjennom fleire artiklar. I eit anna arbeid vert det diskutert i kva grad alkohol og vald mot kvinner er eit politisk betent tema. Arbeidet som baserer seg på bl.a. ein gjennomgang av nasjonale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar, konkluderer med at alkohol som risikofaktor ofte vert neglisjert. Det vert lansert to moglege forklaringar: (i) at problemet først og fremst vert sett i eit kjønsmaktperspektiv og (ii) ei uvilje mot å blande inn alkoholpolitiske spørsmål i tematikken.

Eit tredje sentralt område er knytt til **verkemiddel** for å avgrense alkoholrelaterte skadar. Instituttet har fleire pågåande prosjekt som ser på bruk av-, oppslutning om- og forventa effekt av ulike alkoholpolitiske verkemiddel. I 2013 blei det gitt ut ein SIRUS-rapport der ein ser den alkoholpolitiske utviklinga i Noreg i lys av EØS-avtalen og andre avtalar med EU. Rapporten konkluderer med at norsk alkoholpolitikk har blitt meir reaktiv i den forstand at han i større grad er driven av kva som skjer i EU, og at det har skjedd ei tydeleg avpolitisering og rettsleggjing. SIRUS gjer og ei årleg kartlegging av korleis kommunane forvaltar den fridomen alkohollova gjer til å forme eigen alkoholpolitikk. Fleire studiar har vist at det er lett å få servering på utestader sjølv om ein verkar synleg drukken. I ein artikkel basert på intervju med bartenderar og observasjon av skodespelarar som spelar drukne mens de bestiller øl, vert det lansert tre moglege forklaringar på korleis det er slik: (i) Bartenderar har ein vanskelig arbeidssituasjon med høg musikk, dunkel belysning og høgt arbeidspress. (ii) Skjenkinga skjer innanfor ein drikkekultur der det å vere drukken er akseptert og forventa. (iii) Fleire bartenderar uttrykker ein viss motstand mot alkohollova og kontrollørane som utøver den, noko som gjer at det er lett å omgå den.

Det er vidare publisert tre artiklar der ein har studert befolkninga si oppslutning om sentrale verkemiddel i norsk alkoholpolitikk, for eksempel pris- og tilgjengelegheitsbegrensingar. Det ser ut til at befolkninga si oppslutning om ein restriktiv alkoholpolitikk har auka betydeleg sidan årtusenskiftet. Dette må ein truleg sjå i samanheng med at alkohol har blitt meir tilgjengeleg for folk flest. Sidan alkoholprisane ikkje har følgd lønsauka, har alkohol og relativt sett blitt billigare. Mange kan derfor oppleve at det er mindre grunn til motstand mot slike verkemiddel enn tidligare. I eit av arbeida der ein har følgd utviklinga sidan 60-talet, ser det likevel ikkje ut til å vere nokon systematisk samanheng mellom gjeldande politikk og haldningar over tid. Sidan alkoholforbruket har auka, kan fleire ha opplevd alkoholens skuggesider og sjå behovet for å føre ein restriktiv alkoholpolitikk. Ein siste artikkel tyder på at nordmenn har fått auka tru på at verkemiddel som høge alkoholprisar, vinmonopol-ordning og regulering av skjenketider er effektive for å redusere alkoholrelaterte skadar - noko som og kan vere med å forklare den auka oppslutninga om slike verkemiddel.

Totalkonsummodellen og førebyggingsparadokset har vore sentrale element i norsk alkoholpolitikk. Gyldigheita av desse verkemidla vert jamleg studert, og i 2013 blei det publisert to arbeid på området. Sidan totalkonsummodellen tidlegare berre er testa i kulturar

der alkohol er utbredt og akseptert, blei det gjennomført ein studie i 15 afrikanske land der alkohol er mindre utbredt og den sosiale kontrollen av drikkeåtfærd streng. Studien tyder på at det og er ein tett samanheng mellom det gjennomsnittlege forbruket og andelen stordrikkarar i slike kulturar. Sjølv om risikoen for å skade seg er størst blant dei som drikk aller mest, vil omfanget av ulike alkoholrelaterte skader ofte vere størst blant det store fleirtalet av konsumentane som drikk i meir moderate mengder. Dette vert ofte referert til som førebyggingsparadokset, og har vist seg å vere gyldig særleg for akutte og gjerne mindre alvorlege skadar knytt til fyll. I eit arbeid publisert i 2013 vert det gitt støtte for at førebyggingsparadokset og er gyldig for alvorlege, akutte alkoholrelaterte skadar.

3.2 Gruppe for narkotikaforsking

Aktiviteten i faggruppe for narkotikaforsking er dels knytt til prosjekt som strekk seg over år, dels til avgrensa evalueringar og dels til meir dokumentasjonsprega oppgåver. I 2013 blei det starta eit nytt prosjekt medan tre vart slutførde.

SIRUS har i mange år hatt fokus på det tunge narkotikamisbruket i Noreg. Prosjekt som estimerer talet på sprøytemisbrukarar, analyserer narkotikadødsfall, pasientar i behandling for narkotikaproblem, helserisiko blant sprøytemisbrukarar og kor mykje narkotika denne gruppa bruker, har derfor hatt ein stor plass. I 2013 vart det publisert ein artikkel om estimeringsmetodar, og ein om årsakar og karakteristika ved narkotikadødsfall. Den siste i samarbeid med forskarar på SERAF.

Eit viktig datatilfang er ein lang tidsserie av intervju med brukarar av den sentrale sprøyteutdelinga i Oslo. Dette er data som dannar grunnlag for fleire delprosjekt, og datainnsamlinga haldt fram i 2013. Basert på desse dataa blei det publisert ein artikkel om LAR-pasientar blant aktive sprøytebrukarar. Den viste at pasientar som fortset å injisere narkotika sjølv om dei er i LAR, likevel har nytte av behandlinga. Nytt dette året er at vi og har intervjuja problembbrukarar av narkotika i seks andre norske byar (Kristiansand, Stavanger, Sandnes, Bergen, Trondheim og Tromsø). Meir enn 1000 personer er med i studien, og dei skal følgjast via ulike register i åra som kjem.

Blant problembbrukarar av narkotika finst og personar med innvandrarbakgrunn. Kunnskapen om denne gruppa er avgrensa, men på bakgrunn av kvalitative intervju blei det i 2013 gitt ut ein rapport som bidreg til å kaste lys over denne problematikken. Behandling av rusmiddelmissbrukarar er og eit viktig tema. SIRUS har følgd nær 500 narkotikamisbrukarar som blei tatt inn i behandling på slutten av 1990-talet, over ein 10-årsperioden. Det er og publisert ein rapport basert på tal frå Norsk pasientregister om pasientar i behandling for narkotikaproblem i spesialisthelsetenesta. Den viste mellom anna at den hyppigaste grunnen til å komme i behandling, var problem knytt til heroin og andre opiat.

Den pågåande prøveordninga med Narkotikaprogram med domstolskontroll vert evaluert. I samband med dette har SIRUS intervjuja dei 115 første som deltok i programmet, ved oppstart, og eitt og to år etter inntak. I intervjuja vert bruk av rusmiddel, kriminalitet, psykisk og somatisk helse kartlagd. Det vil komme ein rapport om dette i 2014.

I tillegg til den ”tunge” narkotikabruken, retter SIRUS og merksemda mot det som gjerne vert kalla ”rekreasjonsbruk” av illegale rusmiddel. Ei stor endring dei siste åra er framveksten av ein marknad for såkalla ”legal highs”. SIRUS starta i 2012 eit prosjekt som undersøker bruken av nye syntetiske cannabinoidar blant ungdom/unge vaksne. Ein rapport frå prosjektet ser på omfang av bruk i befolkninga, og gir resultat frå dybdeintervju med brukarar av syntetiske cannabinoid. Motiv for bruk, anna rusmiddelbruk, korleis desse rusmidla vert omsett, prisar og brukarerfaringar er blant temaa som vert handsama. Saman med forskarar frå Folkehelseinstituttet blei det og publisert ei internasjonal kunnskapsoppsumming om bruk og omsetnad av syntetiske cannabinoidar og katinonar.

Narkotikagruppa har og eit prosjekt som undersøker ulike sider ved bruken av tradisjonell, organisk cannabis. I samband med dette blei boka «Hva vet vi om cannabis?» gitt ut på Universitetsforlaget. I tillegg til forskarar frå SIRUS, hadde boka bidragsytarar frå UiO (SERAF og Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi) og FHI. Boka er tatt inn som pensum ved fleire lærestader.

Bruk av vanedannande medikament i befolkninga er i fokus både nasjonalt og internasjonalt, og i eit samarbeidsprosjekt med SERAF vert fenomenet granska nærare.

Som ein metode for å estimere bruk av narkotika i et avgrensa geografisk område, samarbeider SIRUS med NIVA om målingar i avlaupsvatn. I dei neste fem åra skal det gjerast regelmessige analyser av avlaupsvatn for ulike slag narkotika, alkohol og tobakk i tre norske byar.

Eit prosjekt om bruk av dopingmiddel, dvs. bruk av anabole steroid, veksthormon og ulovlege slankepreparat blei sett i gang i 2013. Gjennom nasjonale kartleggingar av førekomst, og dybdeintervju av brukarar, er målet å auke kunnskapen på området. To rapportar er publisert i 2013; ein som tar for seg dopingbruk registrert i fire ulike befolkingsundersøkelser, og ein som baserer seg på kvalitative intervju av dopingbrukarar.

Ein viktig og etterspurd publikasjon frå SIRUS er Rusmidler i Norge. Det har i 2013 blitt sett i gang eit arbeid med å gjere denne publikasjonen meir omfattande og brukarvennleg. Ny utgåve kjem i 2014.

3.3 Gruppe for tobakksforskning

Tobakksforskninga ved SIRUS hadde og i 2013 eit tyngdepunkt kring skadereduksjon, røykeslutt og transisjonen mellom snusbruk og røyking. Vitskapssamfunnet, media og avgjerdstakarar nasjonalt og internasjonalt har etterspurd i kva grad snus i Noreg kjem i tillegg til, eller til erstatning for sigarettar. I EU-parlamentet har det ei stund gått føre seg ein debatt om hensiktsmessigheita av forbodet mot å selje snus, og erfaringane frå Noreg og Sverige har blitt viktige referansepunkt. I samband med den politiske behandlinga av det nye Tobakksproduktdirektivet blei forskningsleiaren i oktober 2013 invitert til EU-parlamentet for å gjere greie for korleis snus konkurrerer med sigarettar på den norske nikotinmarknaden.

Elisabeth Larsen, som var stipendiat på SIRUS fram til 31.03.13, disputerte i mai for doktorgrad med ei avhandling om unge og bruk av snus. Det vart og publisert ein vitenskapleg artikkel som summerte opp mykje av instituttet si langvarige forskning om snusbruk, ein artikkel om oppfatningar av relativ risiko mellom snusbruk og røyking, og ein artikkel som samanlikna karakteristika ved snusbrukarar og røykarar. Forsking rundt snus og skadereduksjon kan verte oppfatta som eit kontroversielt emne, noko som har medført at instituttet sine tilsette og dette året har delteke i fleire mediedebattar.

Nøytral innpakning av tobakksprodukt med einsformigheit i farge, form og skrift er eit politisk aktuelt tema. Det blei publisert tre vitenskaplege artiklar om effektar ved ulike pakkedesign. Resultata kan indikere at nøytrale pakkar bidreg til å redusere merkevarebygginga sin reklameeffekt for tobakksvarer. Nøytral innpakning kan og motverke misoppfatningar om at nokre produkt er mindre skadelege enn andre. Resultata viste at designen på sigarettpakkane påverkar ungdom sine mentale representasjonar om røykjarar.

Røyking har i løpet av nokre tiår gått frå å vere ein vane med vid utbreiing til å bli ein avvikarhandling, og tobakkspolitikken av i dag er prega av denormalisering av alle former for tobakksbruk. Likevel fortset mange å bruke tobakk. I ein artikkel blei ei mogleg kulturell forklaring på dette belyst: Ulike tobakksprodukt og forskjellige bruksmåtar inngår i livsstilar med ulik status og prestisje, og har derfor ulik legitimitet i befolkninga. Med teoretisk utgangspunkt i Bourdieu sin kultursosiologi, blei det vist at dei empiriske forskjellane i sosiokulturelle praksisar (inkludert tobakksbruk) kjem til uttrykk i eit heilskapleg og strukturert "rom for livsstilar", som gjennom homologiar er kopla til strukturen i det objektive "rommet for sosiale posisjonar". Innhaldet i dei ulike livsstilane legg grunnlaget for dei kulturelle distinksjonsforskjellane som vert sett i omløp i samband med tobakksbruk.

Ei evaluering av Helsedirektorat sin anti-røykekampanje i 2012 vart publisert i 2013. Reklamekampanjen frå Helsedirektoratet vart vist på tv, internett og i aviser i byrjinga av 2012, og brukte frykt som hovudverkemiddel. Kampanjen gav inga klar endring i røykestatusen, men tendensen gjekk i riktig retning. Blant dei som hadde sett reklamen, var det og ein auke i oppfatninga av dei potensielle helsefarane ved røyking. Dette gjaldt ikkje for dei som ikkje hadde sett reklamen.

Dei elektroniske sigarettane har på kort tid vorte populære, og ser ut til å kunne ha potensial for å konkurrere med dei konvensjonelle sigarettane. Grunna si korte historie er den forskingsbaserte kunnskapen om e-sigarettane noko avgrensa. Det blei i 2013 utarbeida ei oppsummering av forskinga om e-sigarettane, og det vart skriva fleire kronikkar om emnet. Det er varsla frå politisk hald at forbodet mot nikotinholdige e-sigarettar vil verte revurdert, men det er foreløpig uklart korleis produktet skal regulerast. Det vil i åra som kjem bli eit stort behov for kunnskapsproduksjon frå instituttet om e-sigarettar.

3.4 EMCDDA - focal Point-funksjonen

Det europeiske senteret for overvaking av narkotika og narkotikamisbruk (EMCDDA) vart oppretta i 1993. Noreg har vore medlem sidan 2001, med SIRUS som norsk kontaktpunkt.

Avtalen med EMCDDA styrer i stor grad innsatsen gjennom ei rekke faste oppgåver. Det skal samlast data og informasjon om ulike sider ved narkotikasituasjonen i det enkelte medlemsland. Dette vert rapportert til Senteret i form av ein årleg nasjonal rapport, ulike spørjeskjema, og ei rekkje standardiserte tabellar, vesentleg innan epidemiologi. Eit anna hovudområde er å delta i harmoniseringa av fem epidemiologiske nøkkelindikatorar for betre å kunne samanlikne data på europeisk nivå (sjå www.sirus.no). Vidare er det eit formalisert samarbeid om å følgje utviklinga av nye narkotiske stoff som er i omløp (Action on new drugs). Noreg deltek og i prosjekt på område som ikkje er direkte avtalefesta. Rapporteringane krev eit nært samarbeid med norske myndighetsorgan og ulike instansar. Kontakt med sentrale aktørar og informantar på rusmiddelfeltet står derfor sentralt.

Rapporteringa til EMCDDA er utført etter planen. Årsrapporten for 2013 blei utarbeidd i samsvar med felles retningslinjer frå EMCDDA med fokus på endringar og ny utvikling. Fleire sentrale instansar utanfor SIRUS bidrog med tekst og data innanfor sine spesialfelt.

Gjennom programmet «Action on new drugs, Early warning» er det levert data basert på analyser av beslag og biologiske prøver frå Kripos, Folkehelseinstituttet og Tollaboratoriet om narkotiske stoff som skal overvakast spesielt, eller som er nye i Noreg. I 2013 vart det rapportert inn 15 psykoaktive stoff som for første gang vart oppdaga i Noreg, samanlikna med 30 i 2012.

SIRUS har i 2013 fortsett samarbeidet med med Sundhedsstyrelsen i Danmark, Statens folkhälsoinstitut i Sverige, Institutet för hälsa och välfärd i Finland og Helsedirektoratet på Island om eit lukka e-postbasert nettverk (NADiS). Nettverket omfattar no rundt 120 fagpersonar, hovudsakleg frå instansar som avdekkjer tilførsel av narkotiske stoff og som gjer analyser av stoffprøver. Frå norsk side har 28 personar frå 14 instansar vore tilknytt.

Som norsk kontaktpunkt hjelpte SIRUS som vanlig til i lanseringa av EMCDDA sin årsrapport, og var pressekontakt for norske media. Årsrapporten og pressemeldingane er og gitt ut på norsk.

Ny informasjon frå EMCDDA, mellom anna gjennom Drugnet Europa og Drugs in Focus, er fortløpande lagt ut på www.sirus.no. Den europeiske årsrapporten vart elles formidla til statlege og kommunale instansar, dei regionale kompetansesentra på rusmiddelfeltet, og til ei mengd andre instansar.

Forskarar/ekspertar ved SIRUS, SERAF og Folkehelseinstituttet (FHI) deltek i utviklinga av dei fem nøkkelindikatorane som står sentralt i EMCDDA sitt arbeid for å følgje narkotikautviklinga i Europa. I 2013 har desse delteke:

- Ellen J. Amundsen: indikator for problematisk narkotikabruk (Problem Drug Use)
- Grethe Lauritzen: indikator for etterspørsel etter behandling (Treatment Demand Indicator)
- Ståle Østhus: indikator for survey om narkotikabruk i den alminnelige befolkninga (Surveys in the General Population)

- Thomas Clausen, SERAF: indikator for narkotikarelaterte dødsfall og dødelegheit (Drug Related Deaths)
- Hans Blystad, FHI: indikator for narkotikarelaterte infeksjonssjukdomar (Drug Related Infectious Diseases)

Odd Hordvin leier EMCDDA-arbeidet frå norsk side, har vore redaktør for den norske årsrapporten, og koordinator for det norske nettverket til Early Warning.

Anne Line Bretteville-Jensen er medlem av vitskapskomiteen i EMCDDA.

4 Publikasjoner

4.1 Bøker og forskingsrapportar

Bilgrei, O.R. & Bretteville-Jensen, A.L.

Syntetiske cannabinoider. Virtuelt marked og en nettbasert ruskultur.

SIRUS-rapport 2/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Bilgrei, O.R.

Symbolske kropper - En kvalitativ studie av menn som bruker anabole steroider.

SIRUS-rapport 8/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Bretteville-Jensen, A. L. (red) med bidrag fra Bachs, L., Bramness, J.G., Hauge, R., Hordvin, O., Kraft, P., Pedersen, W., Rossow, I., Tuv, S. S., & Skretting, A.

Hva vet vi om cannabis?

Universitetsforlaget 2013.

Bye, E.K., Amundsen, E.J. & Lund, M.

Bruk av tobakk, rusmidler og vanedannende legemidler i Norge. Hovedfunn fra SIRUS' befolkningsundersøkelse i 2012.

SIRUS-rapport 6/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Larsen, E.

Snus among young people in Norway. Some psychosocial aspects.

Doktoravhandling: Department of Psychology, Faculty of Social Sciences 2013 Series of Dissertations submitted to the Faculty of Social Sciences, University of Oslo

Lauritzen, G. & Amundsen, E.J.

Pasienter tatt inn i behandling i 2011 for problemer knyttet til bruk av narkotiske stoffer og Vanedannende legemidler.

SIRUS-rapport 3/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Lund, K. E.

Hva er elektroniske sigaretter, hvor farlige er de og hvordan bør de reguleres?

SIRUS-rapport 5/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Sandøy, T. A.

Fremmede i Norge, fremmede på Plata? En kvalitativ studie av innvandrere i Oslos synlige rusmiljø. SIRUS-rapport 1/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Sandøy, T. A.

Anabole steroider i Norge. En oversikt fra befolkningsundersøkelser.
SIRUS-rapport 4/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

Ugland, T.

Norsk alkoholpolitikk under EØS-avtalen - reaktiv og avpolitisert?
SIRUS-rapport 7/2013. Statens institutt for rusmiddelforskning.

4.2 Vitskapelege artiklar og bokkapittel

Sánchez-Niubò, A., Aalen, O.O., Domingo-Salvany, A., **Amundsen, E.J.**, Fortiana, J. & Røysland, K.

A multi-state model for the estimation of heroin use incidence.
BMC Medical Research Methodology 2013, 13(4) doi:10.1186/1471-2288-13-4.

Kielland, K.B., Delaveris, G.J. M., Rogde, S., Eide, T.J., **Amundsen, E.J.** & Dalgard, O.
Liver fibrosis progression at autopsy in injecting drug users infected by hepatitis C: A longitudinal long-term cohort study.

Journal of Hepatology. 2013, 60(2) DOI:10.1016/j.jhep.2013.09.022.

Baklien, B. & Skatvedt, A.

Forventning og forvirring - følgeforskningens rotete roller.
I: Anne Halvorsen, Einar Lier Madsen & Nina Jentoft (red.) 148-163
Evaluering. Tradisjoner, praksis, mangfold.
Fagbokforlaget 2013.

Bretteville-Jensen, A. L., Tuv, S.S., **Bilgrei, O.R.**, Fjeld, B. & Bachs, L.

Synthetic cannabinoids and cathinones: Prevalence and markets.
Forensic Science Review, 25(1), 8-26.

Bretteville-Jensen, A. L.

Det norske cannabismarkedet.
I: Bretteville-Jensen, A.L. (red):
Hva vet vi om cannabis. Universitetsforlaget 2013

Bretteville-Jensen, A. L.

Bør cannabis bli lovlig?
I: Bretteville-Jensen, A.L. (red):
Hva vet vi om cannabis. Universitetsforlaget 2013

Myrseth, H., **Brunborg, G. S.**, Eidem, M., & Pallesen, S.

Description and pre-post evaluation of a telephone and internet based treatment program for pathological gambling in Norway - A pilot study.
International Gambling Studies, 13, 205-220.

Buvik, K.

How bartenders relate to intoxicated guests.
International Journal of Alcohol and Drug Research, 2(2), 1-6.

Gjersing, L. & Bretteville-Jensen, A.L.

Is opioid substitution treatment beneficial if injecting behaviour continues? An examination of the benefits of opioid substitution treatment on health risks and criminal activity in a population of needle exchange programme participants.
Drug and Alcohol Dependence - Available online 15 June 2013.

Gjersing, L., Kristine V. Jonassen, K.V., Biong, S., Ravndal, E., Waal, H., Bramness J.G. & Clausen, T.

Diversity in causes and characteristics of drug-induced deaths in an urban setting.
Scandinavian journal of public health 41(2), 119-125

Halkjelsvik, T., Lund, K. E., Kraft, P. & Rise, J.

Fear appeals in advanced tobacco control environments: The impact of a national mass media campaign in Norway.
Health Education Research, doi:10.1093/her/cyt064.

Hauge, R.

Cannabis i lovgivning og rettspraksis.
I: Bretteville-Jensen, A.L (red):
Hva vet vi om cannabis? Universitetsforlaget 2013

Bramness, J. G., **Henriksen, B.**, Person, O. & Mann, K.

A Bibliometric Analysis of European versus USA Research in the Field of Addiction.
Research on Alcohol, Narcotics, Prescription Drug Abuse, Tobacco and Steroids 2001-2011.
European Addiction Research 2013, 20(1) s. 16-22

Hordvin, O.

Internasjonale utforminger av cannabispolitikken. Straff og alternative reaksjoner i europeiske land, USA og Australia.
I: Bretteville-Jensen, A. L. (red):
Hva vet vi om cannabis? Universitetsforlaget 2013.

Kraft, P.

Konsekvenser av cannabisbruk for arbeid og utdanning.

I: Bretteville-Jensen, A. L. (red):

Hva vet vi om cannabis? Universitetsforlaget 2013.

Drozd, F., Raeder, S., **Kraft, P.** & Bjørkli, S.

Multilevel Growth Curve Analyses of Treatment Effects of a Web-Based Intervention for Stress Reduction: Randomized Controlled Trial.

Journal of Medical Internet Research, 2013, 15(4):e84.

Drozd, F., Skeie L. G., **Kraft, P.** & Kvale, D.

A web-based intervention trial for depressive symptoms and subjective well-being in patients with chronic HIV infection.

AIDS Care, <http://dx.doi.org/10.1080/09540121.2013.869541>.

Kvaavik E, Totland TH, Bastani N, Kjøllesdal MK, Tell GS, Andersen LF.

Do smoking and fruit and vegetable intake mediate the association between socioeconomic status and plasma carotenoids?

EJPH 2013, 27. June. Epub ahead of print.

Larsen, E., Rise, J. & Lund, K. E.

Risk and protective factors of adolescent exclusive snus users compared to non-users of tobacco, exclusive smokers and dual users of snus and cigarettes.

Addictive Behaviours 2013, 38(7) s. 2288-2294

Lund, I. & Scheffels, J.

Young smokers and non-smokers perceptions of typical users of plain vs. branded cigarette packs: a between-subjects experimental survey.

BMC Public Health. BMC Public Health 2013, 13:1005 doi:10.1186/1471-2458-13-1005.

Lund, I. & Scheffels, J.

Perceptions of relative risk of disease and addiction from cigarettes and snus.

Psychology of Addictive Behaviors, 2013, May 6. doi: 10.1037/a0032657

Lund, K. E.

Tobacco Harm Reduction in the real world: has the availability of snus in Norway increased smoking cessation?

Drugs and Alcohol Today, 2013, 13(2) s. 92-101.

Lund, K.E & McNeill, A.

Patterns of dual use of snus and cigarettes in a mature snus market.

Nicotine & Tobacco Research, 2013, 15(3) s. 678-684.

Moan, I. S.

Whether or not to ride with an intoxicated driver: Predicting intentions using an extended version of the theory of planned behaviour.

